



Til medlemmane i Norsk kulturskoleråd Vestland,

KUNNGJERING OM OG INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Me syner til [vedtektene](#) §3.4.6 og innkaller til ekstraordinært årsmøte måndag 7. mars 2022. Møtet vert gjennomført som e-post sak. Sak på ekstraordinært årsmøte:

Årsmøtet velger for kommande periode: Etter innstilling frå valkomiteen:
Sak 9.1 Medlemmer til fylkesstyret.

Bakgrunn for saka:

Styreleiar vald på årsmøtet 2021 vart medio desember utnemnd som statssekretær for Samferdselsdepartementet. Fylkesstyret drøfta på styremøte 2022.01 den 7. februar konsekvens for styrearbeidet perioden 2022-2023.

Fylkesstyret tilrår, at valkomiteen trer saman for å sjå på innstilling for Norsk kulturskoleråd Vestland vidare i perioden 2022-2023.

Vedtak på styremøte 2022.01 til orientering:

Vedtak

1. Nestleiar Grete Berntzen vert konsituert styreleiar for Norsk kulturskoleråd Vestland.
2. Varamedlem Kirill Zimin trer inn som fast styremedlem.
3. Kunngjering om ekstraordinært årsmøte gjennomført på e-post vert sendt frå rådgjevar til medlemmane.
4. Rådgjevar kontakter valkomiteen sin leiar og ber velkomiteen iverksette arbeid med innstilling.


Innstilling frå valkomiteen vert kunngjort i e-post til medlemmane.

Val på ny innstilling vert utført, ved at medlemmane innan ei veke etter motteke innstilling frå valkomiteen, om ynskjeleg, sender e-post med motframlegg. Motframlegg vert så teke omsyn til. Om medlemmane ikkje har innvending til innstillinga, vert det ikkje sendt svar på e-posten. Om ingen medlemmer kjem med motframlegg, vert valet godkjend med framlagte innstilling. Ein trer inn i vervet frå den dagen valet vert godkjend og ut perioden 2022-2023.

Ta kontakt med underteikna om de har spørsmål til saka.

for fylkesstyret i Norsk kulturskoleråd Vestland,

Grete Berntzen (s)
konst. styreleiar


Kristin H. Geiring
rådgjevar